

Norsk skrivemåte av importord – norvagisering

Samandrag

Språkrådet vekte oppsikt da det i 1996 vedtok skrivemåtar som "gaid", "polisj" og "sørvis" i tillegg til dei tidlegare formene "guide", "polish" og "service". Da Kulturdepartementet behandla rettskrivingsvedtaka, bad det Språkrådet greie ut tilhøvet mellom uttale og skrivemåte for importord i norsk. Utgreiinga *Lånte fjører eller bunad?* gjev eit historisk oversyn, viser korleis lånord og fremmendord blir behandla i tale og skrift, refererer synsmåtar på normeringspolitikken og legg fram forslag til prinsipp for korleis importord kan få norsk skrivemåte, og kva ord som bør få slik skrivemåte.

Rådet vedtok på årsmøtet i 1998 retningslinjer for normeringsarbeidet med importord. Det blir det gjort greie for nedafor, samtidig som den lange tradisjonen i norsk for å norvagisere blir illustrert.

Innhald

- 1 Importord (lånord og fremmendord)
- 2 Fornorsking eller norvagisering?
- 3 Målet for norvagiseringa
- 4 Historikk
- 5 Arbeidet med norvagiseringa
- 6 Dei språklege prinsippa for norvagisering
- 7 Om førearbeidet til forslaga
- 8 Utgreiinga
- 9 Lenker
- 10 Litteratur

1 Importord (lånord og fremmendord)

Med "importord" meiner ein lånord og fremmendord, dvs. ord som har komme inn i språket vårt i dei historiske periodane vi har oversikt over. "Fornorsking" vil seie at ein finn eit norsk ord (ofte kalla eit "avløysarord") for importordet, jf. nettsida for Ordsmia. "Norvagisering" vil seie at ein gjev importordet norsk skrivemåte. Denne artikkelen handlar om det.

Sirka 30 % av orda i *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* er importord. (Forskjellen på dei to ordbökene er liten i dette spørsmålet.) Ser vi bort frå samansetningar og avleiringar, kan vi rekne oss fram til at 44 % av ordstammene eller grunnorda i *Nynorskordboka* er importerte i språket. Dei viktigaste eksportørane av ord til norsk er:

Importert frå	Talet på ord	Prosent
Latin	4089	31
Gresk	2120	16
Lågtysk	2021	15
Fransk	1931	15
Engelsk	1564	12
Italiensk	358	3
Dansk	179	1
Nederlandsk	167	1
Arabisk	148	1
Svensk	116	1
Spansk	108	1
Portugisisk	80	1

2 Fornorskning eller norvagisering?

For det strategiske spørsmålet om ein skal satse på fornorskning eller norvagisering, er desse prinsippa viktigast:

- 1 Dersom nye ord som blir tekne i bruk i norsk allmennspråk, ikkje alt har ei form som høver inn i det norske ortografiske mønsteret, skal ein gje dei norsk ordform (ved anten fornorskning eller norvagisering).
- 2 Ein skal prioritere arbeidet med å finne norske avløysarord for heilt nye engelske fremmendord.
- 3 Det er ei oppgåve for Språkrådet å "overvake" språksituasjonen slik at det kan finne ut i kva høve ein bør satse på eit avløysarord, og i kva høve det skal arbeide for ei norvagisert ordform.
- 4 Ein bør arbeide for at flest mogleg av importorda som går inn i allmennspråket, blir norvagiserte.

Eit fullstendig oversyn over retningslinjene kjem nedafor under punkt 5.

3 Målet for norvagiseringa

Det er i tråd med den norske språkpolitiske tradisjonen at ein ønskjer å gjere tilgangen til skriftmålet lettast råd for alle samfunnsgrupper. Vanskelege og mørsterbrytande skriftbilete gjer skriftspråket mindre tilgjengeleg, og altså vanskelegare å bruke.

Norsk skriftmål byggjer på at det skal vere eit godt samsvar mellom skrift og tale. Det bør altså vere like enkelt å skrive det relativt nye importordet *teip* (av eng. "tape") som det er å skrive det gamle importordet *kjeks* (av eng. "cakes") eller som eit norsk arveord som *hest*. Norsk og f.eks. engelsk har ein del nokså like ord, f.eks. *arm, frilans, land, sjokk, tøff*. Det vil vere pedagogisk kompliserande om nokre av dei som er relativt like, skulle skrivast på engelsk, andre ikkje. Det enkleste pedagogiske prinsippet er å skrive deiorda vi brukar i norsk, på norsk; det vil seie på tilsvarende måte som når vi skriv deiorda vi brukar i ein engelsk tekst, på engelsk.

4 Historikk

Første rettskrivingsvedtaket i Noreg kom i 1862 og gjaldt skrivemåten av ikkje minst importord. For eksempel skulle ein

- byte ut *ph* med f. *Philosophie* > *Filosofi*
- fjerne stum *e*: *Philosophie* > *Filosofi*
- byte ut *c, ch* og *q* med *k* der dei blir uttalte *k*: *Technique* > *Teknik, concis* > *koncis, qualificere* > *kvalificere*

I tida opp til våre dagar har ein drive "oppryddingar" i skrivemåten av importord. Nedafor viser vi først ein del eksempel på korleis ein skulle skrive fram til 1862. Etterpå kjem ei liste som viser kva tid ymse ord har fått norsk skriveform.

4.1 Slik hadde norsken sett ut om vi ikkje hadde begynt å norvagisere i 1862:

Ortografi før 1862 – utvalde ord henta frå Ludvig Meyer: *Fremmedordbog eller kortfattet Lexikon over fremmede, i det danske Skrif- og Omgangs-Sprog forekommende Ord, kunstudtryk og Talemaader* (1863).

(Substantiv skrivne med små forbokstavar her.)

affaire	cancellie	certificat	charme
alliance	caution	chaffeur	check
annonce	causerie	chamæleon	chef
	censor	chance	chicane
balance	centrum	charakteer	chocolade
bureau	ceremonie	charlatan	cigar

citat	exempel	medicin	protegé
circulære	extract	memoir	provocere
citat	expedition	menagerie	præcedents
citron	façade	merit	præcis
civil	facit	milieu	praxis
classificere	façon	mission	præcisere
cohæsion		modificere	prælat
communicere	galoché	musicere	præmie
compagnon	guerilla	nation	præsident
concentrere		neutral	præstere
concept	harcelere		publicere
concession		obducere	punch
concis	identificere	officer	pædagog
conclusion	implicere	officiel	
concurrents	impressionist	orthographie	qualificere
constellation	indictum		
consumption	inficere	paragraph	ratificere
control	inspection	parallel	recept
corset	inspicere	parcel	recognoscere
correspondance	interview	participium	reconvalescent
costume	intolerance	passage	reducere
crucifix	introducere	pension	reference
cylinder	intuition	permission	reflexion
czaar	invasion	perron	refusion
cølibat	ischias	personificere	reminiscents
		pfalanx	renæssance
decimal	jaloux	philosoph	repertoire
dedicere	jargon	photographie	replicere
deducere	jongleur	piédestal	repræsentant
discussion		placere	repræsentativ
division	kaleche	plateau	revolution
douche	kritik	plyds	
		point	retouchere
eddike	liqueur	princip	revanche
exercere	logis	procedure	rubricere
explosion		procent	rutsche
ekzem	marcipan	procession	ræsonnement
elasticitet	marsch	producere	
engagement	massage	profession	sanctionere
etage	matrice	project	schablon

schach	specialisere	saison	version
scheich	speciel		vezir
schema	specificere	tableau	vice-
seance	sphinx	terrain	viol
secund	staffage	tolerants	violet
sergeant	station	tonnage	violin
service	subtraction	touche	vision
session	succes	transscendent	
shawl	successiv	trapez	zenith
skepticisme	suffleur		
social	suggestion	vacance	aesthetik
societet	suspension	verificere	aestimere

4.2 Eksempel på normeringar av importord 1907–2004

For tida etter 1959 er også normeringar av utalandsk skrivemåte tekne med.
Merket > betyr at ordet er blitt endra att seinare. (bm = bokmål, nn = nynorsk)

Bokmål (riksmaal) 1907

(Aars & Hofgaard 1907)

allé	gamasje	lekse
ansjos	geni	losji
audiens	glyserin	mansjet > 1917
bassæng > 1917	influensa	mars (maaned)
briljant	inspektør	marsj
bronse	jalusi	musisere
buljong	justis	paralel (paralelle, parallelogram) > 1917
byraa > 1917	kalesje	paraply
dispachør > 1924	kalosjer	parfym > 1917
dusj	konferanse	plysj
eksersere	konjunktion > 1917	porselæn > 1917
eksersis	konkurranse	portemonnæ > 1917
elektrisere	konsert	procedyre
entré	korrespondanse	punsj
excellense > 1938	kostyme	ratifisere
fasade	kritisere	
føljetong	kuvert	

ressurser > 1984	sjal	terræng > 1917
rubrisere	spasere	tsar
salong	streik	vaksinere
sersjant	sukces > 1938	

Nynorsk (landsmål) 1912

(Skard 1912)

akkumulator	brosja	nøytral
assuranse	budgett > 1938	offiser
ballong	katekisma	pensjon
basseng	komedi >	porselin > 1917
bataljon	losji el. lossi	sigar
bensin	mansjett(a)	sjokolada
boikotta	nasjon	viski el. whisky > 1938

1917

(Dep 1918) (Orda som berre står i bokmålslista er merkte *bm:*, og orda som står berre i nynorsklista, er merkte *nn:*)

absolutt	farse	porselen
aksent	fenomen	portemoné
aksept	gerilja	portrett
ammunisjon	intervju	predikant
appellere	jubileum	premie
artikkel	kapellan	president
auksjon	kaprise	presis
basseng	kjemi	process > 1938
bresje	kjerub	produsere
brosjyre	konjunksjon	profesjon
<i>bm:</i> budgett > 1938	kritikar/kritiker	rase
butikk	krystall	redusere
desember	majestet	refleksjon
diskusjon	majones	refreng
drosje	<i>bm:</i> mansjett	representere
duell	mobbe	resonnement
egyptisk	<i>bm:</i> nasjon	retrett
eksplosjon	parallel	<i>bm:</i> nøitral
ekvator	parfyme	rokokko
estetisk	pedagog	servise > 1959
europeisk	pensjon	sjakk
fabrikere > 1959?	permisjon	sjalu

sjalusi	soia > 1959	toalett
<i>nn:</i> sjef (chef)	stasjon	tråle
<i>bm:</i> sjokolade	sykkel	
skjema	terreng	

1924 Riksmål

(Krogsrud og Seip 1924)

boikott
dispasjør
gir
kløpper el. klypper
lunsj

1924 Landsmål

(Heggstad 1924)

lunsj

1938

(KUD 1938)

à jour	centi(gram)	eksellent
aksje	cerebral	eksellere
<i>bm:</i> aksjon	champagne > 1996	eksentrisk
<i>bm:</i> ambisjon	chanse el. sjanse	ekshaustr el. eksos
<i>bm:</i> ansiennitet	<i>bm:</i> charmant el. sjarmant	eksotisk
antesipere	charme el. sjarm	emballasje
attaché	cirka = ca.	encyklopedi
basill	<i>bm:</i> cm = centimeter	engasjement
bransje	cyankalium	engasjere
bridge el. bridsj > 1959	<i>bm:</i> desavuere	evfemisme
budsjett	desi(gram)	<i>bm:</i> fascist > 1999
ca. = cirka > 1999	desidere	fasett
celeber > 1999	desisjon	fasit
celle > 1999	<i>bm:</i> diksjon	<i>bm:</i> fiksjon
cello	diligence	flørt (s.)
celluloid > 1999	<i>bm:</i> dimisjon	flørte (v.)
cellulose > 1999	<i>bm:</i> distré	foajé
celsius	eksellense	<i>bm:</i> forsere
cent		<i>bm:</i> fransese

<i>bm:</i> garasje	<i>bm:</i> pre, et	silhuett
gasje	presedens	sinders
generell	<i>bm:</i> preceptor	sirkel
geni	preses	sirkulere
genial	prestisje	sirkulære, -et
gentil	<i>bm:</i> promosjon	sirkus
giljotin	<i>bm:</i> prosedere	siselere
ingeniør	prosent	sitar
isjias	<i>bm:</i> prosesjon	sitat; sitere
<i>bm:</i> journal	<i>bm:</i> prosess	sitron
journalist	prosjekt	sivil
kompanjong	prosjektil	sivilisasjon
<i>bm:</i> konfesjon	<i>bm:</i> puttis (fl.)	<i>bm:</i> sivilisere
konfidensiell	rasjon	sjakett
<i>bm:</i> konsesjon	rasjonalist	sjalu(si)
kvotient	rasjonell	sjampinjong
litteratur	<i>nn:</i> rasjonera	sjargong
<i>bm:</i> losje	<i>bm:</i> recensent	sjarlatan
lynsje	<i>bm:</i> recess	sjasmin
madjar	rejisere	<i>bm:</i> sjef
<i>bm:</i> maskin	renonser	<i>bm:</i> sjekk
massøse	reseptiv	sjenere
mesen/at	resiprok	sjenerøs
metsj el. match > 1959	revansj(e)	sjenever
milit	saucisse el. såsiss >	sjeselong
niese	1999	sjeté
<i>bm:</i> officer (-s)	scene > 1999	sjetong
oransje	<i>bm:</i> seksjon	sjeviot
palass	sement	sjevrå
pasient	sensor	sjikane
passasje	sensur	sjikt
passasjer	sentral	sjimpanse
<i>bm:</i> personasje	sentrum	sjingel
plansje	septer	sjokolade
poeng	seremoni	sjonglør
<i>bm:</i> ponni	sertifikat	sjy (kjøttsaft)
<i>bm:</i> porsjon	<i>bm:</i> sesjon	sjåfør
<i>bm:</i> posisjon	sherry	sjåvinisme
postill	<i>bm:</i> sigar(ett)	skandale
potpurri	sikori	skatoll

<i>nn</i> : skonnert	sykkel	titel el. tittel
skvær	syklon	vallon
<i>nn</i> : sordin	syklus	watt
sorti	sylinder	whig
sosial(ist)	sypress	whisky
sujett	sølibat	whist
suksess el. succès	såsiss el. saucisse >	yankee
suvenir	2000	zoolog

Bokmål 1940

(Sverdrup og Sandvei 1940)

bløffe	peanøtt	sjampo
jenki el. yankee	penteri	sjåsé el. chaussé
krasje	pledd	
mikse	sikspenslue	

Etter krigen

1959

bridge	
haik	
handikap	
kalif	
lisens	
manikyr(e)	
manøver	
marsjall	
match	
service (= ‘teneste’) >	

1995

silhuett	
soya	
vaier	
vise-	

1966

teip el. tape

1969

design	
bøffel	

1971

skåre el. skøre el. score	
slipp (= ‘talong’)	

1973

flippover	
slippover	
stripp	

1974

acre	
baskyl	

kei el. kjei

overall

panty

tips

triks

tøtsje (Tanum)

1975

cereal	
frilans	

1976

drik(k)s	
skuter el. scooter	
sponsor	

1978

essay	
krakkar/-er	

krakke	bobin	krål
pikkels	bramin, braman	kråle
sleid el. sleide	bresere	kuli
	brife	lasagne
1979	buffé	leggings
jus el. juice	cingy	maharaja
ålreit el. all right	citer el. siter (før: sitar)	maki el. maquis
	cocker spaniel	mannekeng
1980	deadline	maskara
brotsj (før: brosj)	dilodendron	medley
bagett	dominion	miksmaster
	endiv	mysli
1981	enkét el. enquête	nugat el. nougat
chips	eskatalogi	pellet
skanne	espri el. esprit	popkorn
taksameter	facts	posjere
trubbel > 1983	falanks	prosjektør el. projektor
	fikus	pumpernikkel
1982	fondy	raja
drawback	forsytia	redline
fastback	gag > 1999	ressurs el. ressurs
comeback	getto	script > 1995
	gimmick	sepoy
1983	gospel	sjanger el. genre
feedback	hibiskus	slapstick
kjoks el. chuck	hit > 2000	slide
trøbbel	hollandés	smash
weekend	hotpants	-snitsel
western	iktyo	spaghetti
	jogurt el. yoghurt	stand-in
1984	jojo el. yo-yo	still
avokado	kabinkryssar/-er el.	squash > 1995
ayatolla	cabincruiser	take-off
barrakuda	kabriolet	taky-
bearnés	kardigan	tet
bidé	kløtsj el. clutch	transe
bleser el. blazer	kolesterol	transjere
blits	kollasj el. collage	tusjere
blueline	konfessor	utrert el. outrert
bløff	konsertina	

wienersnitsel el.	gaid el. guide	utsidar/-er el. outsider
wienerschnitzel	gaide el. guide	
	hedde el. heade	
	hedding el. heading	
1985	hipp	
kasjunøtt	innputt el. input	
popp el. pop (adj.)	innsidar/-er el. insider	
posjere	kaps	
shorts	keitering el. catering	
sjablon el. sjablong	ketsjup el. ketchup	
tusjé	kikk el. kick	
	klinsj el. clinch	
1986	konteinár/-er el.	
	container	
popp el. pop (subst.)	overhedd el. overhead	
	pins	
1987	polish el. polish	
punkar > 1996	pønk el. punk	
	pønkar el. punker	
1989	påver el. pauvre	
skannar	rafte	
	rapp	
1991	rappe	
fan, koll.: fans	seif (subst.) el. safe	
minjong	seif (adj.) el. safe	
nikkers (eineform)	seife el. safe	
scone el. scones	sjampanje el.	
tako-	champagne	
	sjarter el. charter	
1995 (vedtak i 1996)	sjåk el. choke	
breikdans	skript el. script	
bulleteng	skup el. scoop	
enterteinár/-er el.	skvåsj el. squash	
entertainer	snaksy	
fait el. fight	streit el. straight	
faitar/-er el. fighter	streite el. straight	
faite el. fighte	sørvis el. service	
feide el. fade	taime el. time	
feidar/-er el. fader	tilte	
feiding el. fading	utputt el. output	
finisj el. finish		
		1999 (vedtak i 2000)
		bagg el. bag
		desennium
		diktum
		fasinere el. fascinere
		fasist el. fascist
		gagg el. gag
		gem
		handikapp el. handikap
		hitt el. hit
		hott el. hot
		jett el. jet
		joruba
		jubalong
		kjip
		labb el. lab
		pegg el. peg
		peis el. pace
		peisar/-er el. pacer
		pirse el. pierce
		pistasj el. pistasie
		plasebo el. placebo
		plott
		prosit
		res el. race
		resar/-er el. racer
		seilonar/-er el.
		ceylonar/-er
		seilonsk el. ceylonsk
		seleber el. celeber
		selebrere el. celebrere
		selebritet el. celebritet
		selle el. celle
		sellofan el. cellofan
		sellular el. cellular
		sellull el. cellull
		selluloid el. celluloid

sellulose el. cellulose
sellulær el. cellulær
senari- el. scenari-
sene el. scene
seno- el. sceno-
sientolog el. scientolog
sirka el. cirka
sirkum- el. cirkum-
siserone el. cicerone
sisilianar/-er el.
 sicilianar/-er
sjablong
skipp el. skip
spenser- el. spencer-
syklamat
syklamen
syklotym
syklotymi
symbol/symbel el.
 cymbal/cymbel
symbolist el. cymbalist
såsiss
tabb el. tab
transend- el. transcend-
tubb el. tub
vebb el. web
vebbe el. webbe
vokk el. wok
vokke el. wokke

2003 (vedtak i 2004, førebels ikkje behandla av Kulturdepartementet)

accessoarer/accessoiarar el. aksessoarer/aksessoarar
bacalao el. bakalao
cannabis el. kannabis
caravan el. karavan
carting el. karting
carving el. karving
coil el. koil
corny el. korny
dachs el. daks
gimmick el. gimmik
hickory el. hikkory
maracas el. marakas
masochisme el. masokisme
masochist el. masokist
masochistisk el. masokistisk
nonchalanse el. nonsjalanse
nonchalant el. nonsjalant
nonchalere el. nonsjalere
racket el. rekert (før: racket)
sadomasochisme el. sadomasokisme
sadomasochist el. sadomasokist
sadomasochistisk el. sadomasokistisk
serve el. sørv
serve el. sørve
server el. sørver/sørvar
snacks el. snaks

(Det meste i listene er henta frå Helge Sandøy: *Lånte fjører eller bunad? Om importord i norsk.* Oslo: Cappelen forlag 2000.)

5 Arbeidet med norvagiseringa

På årsmøtet 12.–13. februar 1998 gjorde Norsk språkråd dette vedtaket om normering av importord:

"Prinsippene i kapittel 7 i utredningen [*Lånte fjører eller bunad?*](#) legges til grunn ved normering av importord.

Språkrådet mener for øvrig at norvagiseringen bør foregå i et moderat tempo hvor man tar rimelig hensyn til reaksjoner fra publikum."

Dei vedtekne prinsippa frå utgreiinga *Lånte fjører eller bunad?* er gjevne att nedanfor. Tala i parentes viser til sidetal i utgreiinga. Utgreiinga kan lastast ned frå <http://www.sprakrad.no/567norvb.pdf>.

- 1 Dersom nye ord som blir tekne i bruk i norsk allmennspråk, ikkje alt har ei form som høver inn i det norske ortografiske mønsteret, skal ein gi dei norsk ordform (ved anten fornorskning eller norvagisering). (s. 99)
- 2 Ein skal prioritere arbeidet med å finne norske avløysarord for heilt nye engelske fremmendord. (s. 100)
- 3 Det er ei oppgåve for Språkrådet å "overvake" språksituasjonen slik at det kan finne ut i kva høve det bør satse på eit avløysarord, og i kva høve det skal arbeide for ei norvagisert ordform. (s. 102)
- 4 Ein bør arbeide for at flest mogleg av importorda som går inn i allmennspråket, blir norvagiserte. (s. 103)
- 5 Ord som det er fagterminologisk grunn for å norvagisere, skal følgje dei same prinsippa som allmennspråklege ord. (s. 103)
- 6 Når det gjeld importord som er vanskelege å tilpasse norsk lydstruktur, bør ein prioritere arbeidet for eit norsk avløysarord. (s. 103)
- 7 ”Det bør vises tilbakeholdenhet med forandring av termer som er i internasjonal bruk, for eksempel målenheter, særlig når ordet er avledd av et navn. Eksempler: becquerel, pasteurisere.”[Lundeby 1987] (s. 103)
- 8 Engelske ord som er bygde opp slik at dei er gjennomsiktige også for nordmenn som kan engelsk, bør ein vere tilbakehalden med å norvagisere. Ein bør først satse på å få innarbeidd omsetjings- eller avløysarord for dei. Engelske ordstammar skal ein derimot vurdere å gi norvagisert skrivemåte, ev. i tillegg til at ein kjem med framlegg om avløysarord. (s. 104)
- 9 Ord som refererer berre eller nesten berre til saksforhold i engelsktalande land, bør halde på den engelske skrivemåten. Det same må i ein viss grad også gjelde for ord frå språk som færre nordmenn kan. (s. 104)
- 10 Når ein skal avgjøre om ein bør satse på norvagisering eller avløysarord, bør ein jamføre med situasjonen i dei skandinaviske grannelanda. (s. 104)
- 11 Når importorda går inn i allmennspråket, bør Språkrådet snarast råd vurdere om det skal foreslå eit avløysarord eller vedta ei norvagisert ordforin – eller gjere begge delar. (s. 108)
- 12 Ein skal norvagisere nye importord etter det dominerande mønsteret for tilpassing til norsk uttale. (s. 108)
- 13 Norvagiserte ordformer skal ha same skrivemåte i bokmål og nynorsk. (s. 109)
- 14 Norvagiserte substantiv, verb og adjektiv skal setjast inn i norske bøyingsklassar slik at dei får tradisjonelle norske bøyingsendingar. (s. 122)
- 15 Adjektiv i nøytrum får konsonantforenkling framfor t-en: røff - røft. (s. 122)

- 16 Dei norvagiserte orda skal følgje nærmare definerte prinsipp som er lista opp i utgreiinga.
(s. 110–120)
- 17 Når eit ord med dominerande utalandsk skrivemåte er nytt i skriftnonna, bør ein tillate både utalandsk og norvagisert skrivemåte. (s. 123)
- 18 Når ei norvagisert ordform har vore tillaten og brukt i 20 år, bør ein vurdere å gjere ho til eineform. (s. 124)
- 19 Når Språkrådet blir spurt til råds om skrivemåten, skal det gi uttrykk for at ein helst ser at den norvagiserte blir brukt der han er tillaten. Språkrådet sjølv skal også halde seg til dei normerte norvagiserte skrivemåtane. (s. 124)
- 20 Ord som ikkje har vore behandla og normerte før, kan leggjast fram for årsmøtet kvart år.
(s. 124)
- 21 Importord som har vore normerte før, skal behandlast ved slutten av kvar valbolk for Språkrådet. (s. 125)
- 22 Fagnemnda førebur framlegga og bør så langt råd prøve å behandle ord i grupper. (s. 125)
- 23 Språkrådet prioriterer arbeidet med dei ordgruppene som kan behandlast etter etablerte norvagiseringsmønster. (s. 125)"

(Frå Årsmelding 1998.)

6 Dei språklege prinsippa for norvagisering

[I oppstillinga her er dei fonetiske markeringane i hakeparentesar gjengitt så langt det har late seg gjere ut frå tilgjengeleg ordinær tekstbehandling. Sidelata framom / viser til boka *Lånte fjører eller bunad? Om importord i norsk* av Helge Sandøy (Cappelen 2000), og tala bak / viser til utgreiinga med same tittelen, som kan lastast ned frå <http://www.sprakrad.no/567norvb.pdf>. Der er prinsippa grundigare behandla.]

Konsonantisme

- 1** Etter kort (trykktung) vokal skal det komme anten konsonantgruppe eller dobbel konsonant. Eksempel: *job* > *jobb(e)*, *crash* > *krasj(e)*. (Jamfør K1 s. 224, 110.)
- 2** Ord med uttalen *ff* av utalandsk *gh* får skrivemåte med *ff*. Eksempel: *rough* > *røff*, *tough* > *tøff*. (Jamfør K10 s. 228/112.)
- 3** Ord med uttalen *j* av utalandsk *j* [dž] får skrivemåte med *j*. Eksempel: *jazz* > *jass*, *juice* > *jus*. (Jamfør K13 s. 228/112.)
- 4** Ord med uttalen *k* av utalandsk *c*, *ch*, *ck* får skrivemåte med *k*. Eksempel: *script* > *skript*, *cholesterol* > *kolesterol*, *bacalao* > *bakalao*, *caravan* > *karavan*, *coil* > *koil*, *snacks* > *snaks*, *gimmick* > *gimmik*). (Jamfør K2 s. 226/110.)

- 5** Ord med utalen *kk* av utalandsk *ck* får skrivemåte med *kk*. Eksempel: *kick* > *kikk*, *racket* > *rekkert*. (Jamfør K8 s. 227/111.)
- 6** Ord med utalen *ks* av utalandsk *x* får skrivemåte med *ks*. Eksempel: *box* > *boks*, *mixmaster* > *miksmaster*. (Jamfør K12 s. 228/112.)
- 7** Ord med utalen *kv* av utalandsk *q(u)* får skrivemåte med *kv*. Eksempel: *squash* > *skvåsj*, *squeeze* > *skvis(e)*. (Jamfør K11 s. 228/112.)
- 8** Ord med utalen *ng* av utalandsk *nt* i *-ent* og *-ant* [ang] får skrivemåte med *ng*: : *présent* > *presang*, *volant* > *volang*. (Jamfør K17 s. 228/112.)
- 9** Ord med utalen *nje* av utalandsk *gne* får skrivemåte med *nje*. Eksempel: *champagne* > *sjampanje*. (Jamfør K9 s. 227/111.)
- 10** Ord med utalen *r* av engelsk *r* som er stum, får skrivemåte med *r*. Eksempel: *flirt* > *flørt(e)*. (Jamfør K14 s. 228/112.)
- 11** Ord med utalen *s* av utalandsk *c* får skrivemåte med *s*. Eksempel: : *cølibat* > *sølibat*, *service* > *sørvis*. (Jamfør K3 s. 226/110.)
- 12** Ord med utalen *sj* av utalandsk *sh*, *ch* [š] får skrivemåte med *sj*. Det same gjeld ord med *ch* og utalen [tš] i framlyd i engelsk. Eksempel: *finish* > *finisj*, *clinch* > *klinsj(e)*, *nonchalanse* > *nonsjalanse*, *choke* > *sjåk(e)*, *charter* > *sjarter/sjartre*. (Jamfør K4 og K5 s. 226/110–111.)
- 13** Ord med utalen *t* av utalandsk *th* får skrivemåte med *t*. Eksempel: *ortho-* > *orto-*, *thorax* > *toraks*. (Jamfør K15 s. 228/112.)
- 14** Ord med utalen *tsj* av utalandsk *ch*, *tch* [tš] i slutten og inne i ord får skrivemåte med *tsj*. Det same gjeld ord med *g* som er uttalt [dž] i engelsk. Eksempel: *touch* > *tøtsj(e)*, *ketchup* > *ketsjup*. Ei mogleg norvagisering er *image* > *immitsj*. (Jamfør K6 og K7 s. 227/111.)
- 15** Ord med utalen *v* av utalandsk *w* får skrivemåte med *v*. Eksempel: *twist* > *tvist* ’pussegarn’, *wire* > *vaier*. (Jamfør K16 s. 228/112.)

Vokalisme

- 1** Ord som i norsk kan vere uttalte med både *a*, *e* og *æ*, og som i engelsk har uttale med kort [æ], får skrivemåte med *a*. Eksempel: *jass*, *bagg*, *taksi*. (Jamfør V1 s. 230/113.)

- 2** Ord med uttalen *ai* av engelsk *i*, *igh*, *ui* [ai] får skrivemåte med *ai*. Eksempel: *time* > *taime*, *fight* > *fait(e)*, *guide* > *gaid(e)*. (Jamfør V21 s. 236/119.)
- 3** Ord med uttalen *au* av engelsk *ou* [av] får skrivemåte med *au*. Eksempel: *stout* > *staute* (tøytype). (Jamfør V22 s. 236/119.)
- 4** Ord med uttalen *e* av engelsk *ea* [ɛ] får skrivemåte med *e*. Eksempel: *heade* > *hedde*, *overhead* > *overhedd*. (Jamfør V3 s. 231/115.)
- 5** Ord med uttalen *ei* av engelsk *ai*, *aigh*, *a*, *ay* [ei] får skrivemåte med *ei*. Eksempel: *container* > *konteiner*, *straight* > *streit*, *catering* > *keitering*, *display* > *displei*, *fade* > *feide*, *spray* > *sprei(e)*. (Jamfør V23 og V24 s. 237/119.)
- 6** Ord med uttalen *-ar* eller *-er* i trykklett sluttstaving av engelsk *-er* får skrivemåten *-ar* i nynorsk og *-er* i bokmål i hankjønnsord. Eksempel: *container* > *konteinar/konteiner*. (Jamfør V2 s. 231, 115.)
- 7** Ord med uttalen *er* eller *ær* i trykkstaving av engelsk *air*, *are* får skrivemåte med *ær* eller *er*. Eksempel: *square* > *skvær*. Ei mogleg norvagisering er *fair* > *fer*. (Jamfør V15 s. 235/117–118.)
- 8** Ord med uttalen *i* av utalandsk *i*, *ie*, *ee*, *ea*, *u*, *e*, *a*, *ey*, *y* får skrivemåte med *i*. Eksempel: *biff* > *biff*, *brief* > *brife*, *squeeze* > *skvis(e)*, *gear* > *gir*. (Jamfør V4 s. 232/115.)
- 9** Ord med ein vokalutgang som er uttalt anten som *-i* eller *-y* i ord frå engelsk med suffikset *-y* blir skrivne med *y* i norsk. Eksempel: *corny* > *korny*, *hickory* > *hikkory*. (Jamfør V14 s. 234/117.)
- 10** Ord med uttalen *o* av utalandsk *au*, *o*, *oa* får skrivemåte med *o*. Eksempel: *exhaust* > *eksos*, *smoking* > *smoking*, *loaf* > *loff*. (Jamfør V5 og V6 s. 232/115.)
- 11** Ord uttalte med trykklett *o* (dels også *å*) får skrivemåte med *o*. Eksempel: *nylon* > *nylon*, *container* > *konteiner/konteinar*. (Jamfør V9 s. 233/116.)
- 12** Ord med uttalen *u* av utalandsk *u*, *oo*, *ui* får skrivemåte med *u*. Eksempel: *pull-over* > *pullover*, *put* > *putte*, *scoop* > *skup*, *juice* > *jus*. (Jamfør V10 og V11 s. 233–234/116–117.)
- 13** Ord med uttalen *ju* av engelsk *u* får skrivemåte med *ju*. Mogleg norvagisering: *producer* > *prodjuser/-ar*. (Jamfør V12 s. 234/117.)

14 Ord uttalte med trykksvak *u* av engelsk *u*, *ou* får skrivemåte med *u*. Eksempel: *supporter* > *supporter/supportar*, *yoghourt* > *jogurt*. (Jamfør V13 s. 234/117.)

15 Ord med uttalen *ø* av engelsk *ir*, *er*, *ur* [ə:] og *u*, *ou*, *o* får skrivemåte med *ø*. Eksempel: *flirt* > *flørt(e)*, *service* > *sørvis*, *serve* > *sørve*, *clutch* > *kløtsj*, *trouble* > *trøbbel*, *done* > *dønn*. (Jamfør V16 og V17 s. 235/118.)

16 Ord med uttalen lang *å* av engelsk *o*, *a*, *aw*, *ou* får skrivemåte med *å*. Eksempel: *score* > *skår(e)*, *all right* > *ålreit*, *crawl* > *krål(e)*, *trawl* > *trål*, *choke* > *sjåk(e)*. (Jamfør V18 og V19 s. 235–236/118.)

17 Ord uttalte med kort *å* av engelsk *a* får skrivemåte med *å*. Eksempel: *squash* > *skvåsj*. (Jamfør V20 s. 236/119.)

18 Ord uttalte med kort *å* (somstad øg uttalte med kort *o*) av engelsk *o*, *ou* får skrivemåte med *o*. Eksempel: *clown* > *klovn*, *counter* > *kontre*, *job* > *jobb(e)*, *mob* > *mobb(e)*. (Jamfør V7 og V8 s. 232/116.)

19 Ord uttalte med *åy* av utalandsk *oi* får skrivemåte med *oy*. Mogleg endring: *spoiler* > *spøyler*. (Jamfør V25 s. 237/119.)

7 Om førearbeidet til forslaga

Etter at Språkrådet i 1998 vedtok dei prinsippa som står under pkt. 5 og 6 ovafor, har det behandla norvagiseringsforslag i to omgangar, i 2000 og i 2004. Slike forslag blir først gjennomgått i fagnemnda, som så legg dei fram for årsmøtet i Språkrådet til godkjenning.

I samsvar med retningslinjene for arbeidet er orda blitt behandla i grupper. I 2000 gjekk ein igjennom ord med *c* som hadde uttale med *s*. I 2004 tok ein gruppene med *c*, *ck* og *ch* som var uttalte som *k*.

Utgangspunktet for dette arbeidet er aktuelt materiale frå ordlister. I 2004 blei utlistingar av alle orda skrivne med *c*, *ck* og *ch* og uttalte med *k* som stod i *Tanums store rettskrivningsordbok* brukte som grunnlag.

Materiale som er utgangspunktet for behandling, kan vere svært stort, i 2004 på fleire hundre ord. Men første avgrensinga går ut på å skilje ut allmennorda, og da har materialet skrumpa inn til sirk 50 ord i begge desse norvagiseringsrundane (jf. prinsipp 1 og 4 under punkt 5). Fagterminologi behandler ikkje fagnemnda utan først å ha fått innspel frå aktuelle fagmiljø. Denne avgrensinga krev litt skjønn, og under førebuingane til 2004-saka ville fleirtalet i fagnemnda ikkje rekne f.eks. ordet *campus* som allmennord, og dermed fall det ut frå forslagslista.

Frå denne kortare ordlista tek ein så vidare bort ord som er samansetningar i engelsk, dvs. der sjølvve ordoppbygginga er gjennomsiktig, jf. prinsipp 8. Det gjorde at f.eks. *catwalk* ikkje

var aktuelt å behandle vidare i 2004. Deretter tek ein bort ev. ord for måleeiningar (prinsipp 7) og ord som gjeld berre "saksforhold i engelsktalande land", jf. prinsipp 9.

Lista ein da står att med – i begge desse norvagiseringsrundane var ho på sirk 40 ord – er såleis behandla systematisk og i samsvar med retningslinjene. Forslaga går deretter til årsmøtet, der det oftest blir stemt over kvart enkelt ord. I 2000 godtok årsmøtet nesten alle forslaga frå fagnemnda, i 2004 blei fleire avviste. Dei som passerte, står i listene under pkt. 4 ovafor.

8 Utgreiinga

Utgreiinga *Lånte fjører eller bunad?* (1997) kan kjøpast frå Norsk språkråd for kr 100. Ein kan òg hente [utgreiinga i pdf-format her](#) (525 kB). Vi gjer merksam på at i denne utgåva manglar nokre av vedlegga.

Ei omarbeidd og utvida utgåve kan kjøpast i bokhandelen:

Sandøy, Helge: *Lånte fjører eller bunad? : om importord i norsk*. Oslo, 2000. 306 s. (LNUs skriftserie ; nr 136) ISBN 82-02-19684-1 (h.)

9 Lenkjer

Moderne importord i språka i Norden (Prosjekt under Nordisk språkråd):
<http://www.hf.uib.no/MODERNE/>

10 Litteratur

Graedler, Anne-Line & Stig Johansson 1997. *Anglisismeordboka*. Oslo: Universitetsforlaget

Graedler, Anne-Line og Stig Johansson 2002. *Rocka, Hipt, og Snacksy. Om engelsk i norsk språk og samfunn*. Oslo: Høyskoleforlaget.

Sandøy, Helge 2000. *Lånte fjører eller bunad. Om importord i norsk*. Oslo: LNU / Cappelen akademisk.

Jamfør også: <http://www.hf.uib.no/moderne/litteratur.html>

Helge Sandøy
28. mars 2004